



Knut Willie Jacobsen
Garvik
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3371 - 18/35329

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 171/6 Seim

Tiltak: Riving av gammalt våningshus
Byggjestad: Gbnr: 171/6 Hønsedalen 61
Tiltakshavar: Endre Konglevoll
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.11.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Tiltakshavar sin signatur på søknadsskjema.
- Gjenpart av nabovarsel.
- Dokumentasjon på om eventuelle panthavarar er varsla om at bygget skal rivast, jf. pbl § 21-3 tredje ledd.
- Utgreiing om tiltaket.
Bygget er registrert i Sefrak-registeret. Før kommunen kan ta stilling til søknaden må det gjerast greie for bygget sin tilstand, alder og kvifor bygget skal rivast. Utgreiinga bør supplerast med bilete.
- Bygget sin storleik, oppgitt ved bruksareal, må gjevast opp i forhold til vurdering av krav til avfallsplan og miljøsanering, jf TEK 17 §§ 9.6 og 9.7.
- Gjennomføringsplanen viser at Lindås, Meland og Modalen brann og redning har erklært ansvar for PRO riving og miljøsanering og UTF riving og miljøsanering/nedbrenning av bustad som brannøving, medan erklæring om ansvar berre gjeld UTF. Det må gjerast greie for om Lindås, Meland og Modalen brann og redning også skal gjelda PRO. Korrigert erklæring om ansvar må eventuelt sendast inn.

Samordningsplikt, jf pbl § 21-5



Då bygget er registrert i Sefrak-registeret vil kommunen, når søknaden er komplett, vurdere om det er trong for å senda søknaden på høyring til lokale og/eller regionale kulturstyresmakter.

Tiltak innanfor ein avstand på 300 meter frå Seim kyrkje skal sendast på høyring til Biskopen, jf rundskriv T-2000-3. Søknaden vert send på høyring i eige skriv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Endre Konglevoll	Hønsedalen 63	5912	SEIM
Endre Konglevoll	Hønsedalen 63	5912	SEIM
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------